

Bjørn-Vidar Larsen Bårtvedt  
Sethaugen 10  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8221 - 22/88796

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no


Dato:  
21.11.2022

## Ber om tilbakemelding om kloakktilhøva på eigedom gbnr. 139/16 og gbnr. 139/34 Tveiten nedre

### Saka gjeld

Alver kommune er gjort kjent med at utearealet på eigedom gbnr. 139/10 Tveiten nedre. Kyrkjevegen 10 er sterkt forureina av kloakk. Rapport frå Eurofins datert 17.08.2022 viser svært høge verdiar av E. coli og koliforme bakteriar. Eurofins skriv at overflatevatnet er fekal forureina. (Fekal = det som har samanheng med avføring).

VA-kart for Alver kommune viser at det ligg avløpsleiding frå eigedom gbnr. 139/16 og gbnr. 139/34 i eigedomen i bakkant av bustaden på eigedom gbnr. 139/10 Kyrkjevegen 10. Denne leidningen kan vere ei mogleg kjelde til forureininga. (sjå kartutsnitt under).



Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen.

Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadeavgrensande tiltak basert på omfanget av forureininga.

#### **Frist for tilbakemelding vert sett til 05.12.2022.**

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

#### **Aktuelt regelverk:**

- Kommunens tilsynspliktfølgjer av forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureiningfølgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post hogne.askeland@alver.kommune.no

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/8221.**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Oddvar Johannes Sundsbø	Kyrkjevegen 45	5911	ALVERSUND
-------------------------	----------------	------	-----------

#### **Mottakarar:**

Bjørn-Vidar Larsen Bårtvedt	Sethaugen 10	5911	Alversund
Hilde Andersen Bårtvedt	Sethaugen 10	5911	Alversund
Lisbeth Vabø	Sethaugen 11	5911	Alversund
Oddbjørn Haukøy	Sethaugen 11	5911	Alversund